

Ryfast vil gje store endringar Reiselivspotensialet er stort Sentrumsutvikling i ein spanande og gryande fase




Foto: Reisemål Rvfylke

Utvikla Jørpeland til «Preikestolbyen» i Ytre Ryfylke som eit sterkt sentrum og drivkraft for næringsutvikling i Hjelmeland, Strand og Forsand med eit særskilt fokus på opplevingar, handel og reiseliv.

Ryfast kan gje høgare utpendling og sterkare handels-lekkasje og truga med å gjera Jørpeland om til ein «soveby».

Ryfast kan òg skapa det motsette – netto innpendling og handelsoverskot. Ein trussel inneber også eit høve. Derfor vil det for Ytre Ryfylke handla om å gripa det høvet som no byr seg. Å utvikla og styrka Jørpeland som regionsenter og på den måten skapa ein attraktiv destinasjon for både fastbuande og besøkande i regionen, kan vera ein langsiktig og berekraftig strategi for utvikling av regionen og dei 3 kommunane.



Innhald

1. Innleiing.....	4
2. Samandrag.....	4
3. Store endringar.....	7
3.1 Vegprosjekt kortar avstandar og gjev fastlandssamband til Stavanger og Nord Jæren.	7
3.2 Kommunestruktur	9
3.3 Stålverket.....	9
3.4 Avkjøling i olje og offshorenæringa.....	9
4. Utvikling i arbeidsmarknad og busetting.....	10
4.1 Befolkningsutvikling	10
4.2 Arbeidsmarknaden	11
4.3 Arbeidsplassutvikling.....	12
5. Utvikling i Bustadmarknaden	12
5.1 Fordeling mellom bustadtypar	12
5.2 Fordeling av nye bygg i perioden 2006 til 2013	13
6. Samspel i næringslivet.....	13
6.1 Næringslivet – robust eller sårbart.....	13
6.2 Innovasjonsevne.....	14
6.3 Næringsklynger.....	15
6.4 Landbruk.....	16
6.5 Turistnæringa og fritidsmarknaden.....	18
7. Samspel i arbeidsmarknaden	20
7.1 Stor skilnad i befolkningsutvikling.....	20
.....	21
7.2 Arbeidsstad, pendling.....	21
7.3 Kvar finst arbeidsplassane og kor vert dei skapte?	22
7.4 Utdanningsnivå.....	26
7.5 Blir opninga av Ryfast ein «game changer»?	26
8. Samspel i den offentlege tenestemarknaden	27
9.1 NHOs nærings NM.....	28
9.2 Infrastruktur og transportutfordringar.....	29
9.3 Sentrum- og tettstadsutvikling.....	30
9.4 Tilbod innan idrett og kultur	31

9.5	Ungdoms- tilbud og trivsel	33
10.	Kva hemmar og fremmer vekst i dei enkelte kommunane	34
10.1	Kompetanse.....	34
10.2	Omstilling og nyskaping.....	35
10.3	Attraktivitet - bustads-, arbeids- og besøksregion	36
10.4	Offentlege tenestetilbod	37
10.5	Infrastruktur, transport og logistikk	37
11.	Relevant utdanning lokalt	38
12.	Samspel i bustadmarknaden	39
13.	Samspel i handelsnæringa.....	40

1. Innleiing

Denne rapporten er resultat av ei kunnskapsinnhenting om vekst og samspel i dei 3 nabokommunane i Ytre Ryfylke, Forsand kommune, Strand kommune og Hjelmeland kommune. Rapporten er grunnlag for søknad om deltaking i eit større nasjonalt prosjekt leia av Distriktsenteret på oppdrag frå Kunnskaps- og moderniseringsdepartementet (KMD). Gjennom programmet ønskjer KMD å leggja til rette for positiv utvikling i byregionane og samspelet mellom by og omland.

Dei 3 kommunane er inne i ei konkret vurdering om samanslåing og etablering av ein ny større kommune kor Jørpeland er det naturlege regionsenteret. Resultatet av denne prosessen kan ikkje forskotterast og deltaking i fase 2 i ByRegionprogrammet (ByR) er like relevant for Jørpeland som by og samspelet med omlandet om det blir skipa ein ny kommune eller ikkje.

Målet med rapporten er å sjå om det finst forbedringspotensiale i den samhandlinga som skjer i dag og som kan verka inn på regionens vekst over tid.

Proessen i utarbeiding av rapport og vedtak om søknad har vore godt forankra, ikkje berre politisk, men også administrativt i dei 3 kommunane, med aktiv deltaking og god forankring i gjeldande planar.

Ryfylke IKS har saman med representantar frå dei 3 kommunane, reiselivsnæringa og bidrag frå Rogaland Fylkeskommune laga denne rapporten.

2. Samandrag

Jørpeland ligg sentralt til i regionen med kort avstand til Stavanger og Nord-Jæren. Byen har hatt ein sterk vekst dei siste åra. Både byen og fleire av tettstadene i Ytre Ryfylke har attraktiv plassering til sjø og vassvegar. Området har ei rik kulturhistorie og eit vakkert kulturlandskap med aktive gardsbruk.

Det er venta at fastlandssamband til Stavanger vil gjera regionen meir attraktiv som bustads- og rekreasjonsområde.

Turiststraumen til Lysefjorden-området, med Preikestolen og Kjerag som magnetar, opplever sterk vekst. Trafikken til Preikestolen har vakse med 20 prosent årleg dei siste åra. Regionen er òg ein attraktiv stad for fritidsbustader.

I Hjelmeland er det like mange fritidsbustadar som bustader. Ytre Ryfylke har om lag 2 500 fritidsbustader.

Kommunane Forsand, Strand og Hjelmeland står føre store endringar som følgje av Ryfast (sjå 3.1). Befolkningsutviklinga i dei 3 kommunane har utvikla seg noko forskjellig der Strand kommune har hatt høg vekst, lik resten av Rogaland, medan Hjelmeland kommune har hatt ei flat og til dels negativ utvikling i folketal og sysselsette.

Den svake utviklinga i oljeprisen har byrja syna i aktivitetsnivået og Stålverket på Jørpeland gjekk konkurs våren 2015. Stålverket har i 100 år vore med å prega samfunnsliv og bybilete og fabrikkene ligg sentralt midt i byen. Det er enno uvisst om kva omfang vidare drift vil få i framtida.

Sentrums- og tettstadar har hatt ei meir tilfeldig utvikling lik resten av landet. Plasseringa og busettinga har historisk vore plassert ved ferdselsårer, som i stor grad historisk har vore tilgang til sjøvegen og tilgang til arbeidsplasser. Spreidd busetnad, store avstandar og svakt kollektivt transporttilbod hemmar utvikling og samhandling.

Dei 3 kommunane er i samtalar om samanslåing og utgreier nærare om det skal skipast ein ny kommune med Jørpeland som det naturlege regionsenteret.

Medan den oljerelaterte industrien er inne i ein periode med nedgang, opplever reiselivet det motsette og vil i inneverande sesong i tillegg bli stimulert av den låge kronekursen.

Turiststraumen til Preikestolen set stadig nye rekordar og det er årleg 600 000 turister som besøker Lysefjordområdet. Det finst ikkje noko godt kjeldegrunnlag, men det er rimeleg å anslå at desse besøkande representerer ei årlig verdiskaping på over 1 mrd. kroner. Svært lite av denne omsetninga vert lagt igjen lokalt.

Besøkstala for Preikestolen har stige med 20 prosent i året, dei siste 4 åra.

Ryfast vil føra til at all turisttrafikk til Preikestolen i framtida vil gå gjennom Jørpeland sentrum. Dette gjer eit grunnlag for å utvikla «Preikestolbyen» som eit tydeleg og unikt bysenter for nye opplevingar knytt til både eksisterande attraksjonar og nye.

Den sterke fritidsmarknaden med kjøpesterke hytteeigarar frå Stavanger og Nord- Jæren, forsterkar dette potensiale og kan vera ei viktig kraft for å få ei ønskt sentrumsutvikling og auka verdiskaping både i Ytre Ryfylke og for heile regionen.

Den nye sentrumsplanen for Jørpeland legg eit godt grunnlag for vidare dialog med næringslivet og samfunnsaktørar for utvikling av sentrum. Planprosessen vil bidra som inspirasjon og rettleiing for dei andre kommunane og utvikling av tettstadene i Forsand og Hjelmeland.

På kort sikt vil utviklinga i olje- og offshorenæringa vera avgjerande for aktivitetsnivå og sysselsetting. Næringslivet i Strand kommune er mest sårbart. Turiststraumen går i dag gjennom dei 3 kommunane på RV 13 som har Nasjonal turistveg status. Det er 3 ferjesamband i dag, 2 av desse forsvinn som følgje av Ryfast, og Tau og Forsand vil mista denne gjennomgangstrafikken.

Ryfast kan gje høgare utpendling og sterkare handelslekkasje og truga med å gjera Jørpeland om til ein «soveby».

Ryfast kan òg skapa det motsette – netto innpendling og handelsoverskot. Ein trussel inneber også eit høve. Derfor vil det for Ytre Ryfylke handla om å gripa det høvet som no byr seg. Å utvikla og styrka Jørpeland som regionsenter og på den måten skapa ein attraktiv destinasjon for både fastbuande og besøkande i regionen kan vera ein langsiktig og berekraftig strategi for utvikling av regionen og dei 3 kommunane.

Val av tema for deltaking i ByR fase 2 blir derfor naturleg:

Utvikla «Preikestolbyen» i Ytre Ryfylke som eit sterkt sentrum og drivkraft for næringsutvikling i Hjelmeland, Strand og Forsand med eit særskilt fokus på opplevingar, handel og reiseliv.

Undertema:

- Sentrums- og tettstadsutvikling med fokus på handel, arkitektur og naturbasert næringsutvikling
- Stimulera bu- og besøksattraktiviteten både frå langvegsfarande, bybefolkninga i Stavanger-regionen og egne innbyggjarar
- Planlegga for optimal bruk av ny fastlandssamband og skapa felles forståing for effektane av nye reisemønster etter Ryfast

- Utvikla ein tydeleg felles Ytre Ryfylke-identitet som gjer grunnlag for marknadsføring og utvikling av eit felles bu- og arbeidsmarknad i Ytre Ryfylke med fleire tettstadar og eit felles bysentrum.

3. Store endringar

3.1 Vegprosjekt kortar avstandar og gjev fastlandssamband til Stavanger og Nord Jæren.

Ryfast vil stå ferdig i 2019 og gje fastlandssamband til Stavanger og Nord Jæren. Ferjesambanda over Tau - Stavanger og Oanes – Lauvik blir lagt ned og endrar heile trafikkbiletet. Sivotunellen mellom Strand og Hjelmeland stod ferdig i 2013. Dette er eit rassikringstiltak men det kortar òg inn reisetida. Årdalstunnelen er under planlegging. Dette er og eit rassikringstiltak som potensielt kan korta inn reisetida mot sør monaleg.

Desse endringane er positive med omsyn til reisetid og vekstimpulsar på Nord-Jæren og betre tilgang til ein felles bustad- og arbeidsmarknad.

Men dei er samstundes utfordrande med omsyn til mogleg handelslekkasje og sentrums- og tettstadsutvikling. Tettstadene Tau og Forsand vil ikkje lenger ha gjennomgangstrafikken frå dei 2 ferjesambanda.



Ryfast skisse: Statens vegvesen

Nye tunneler «flytter» Hjelmeland fra Moi til Bryne

► Den nye kommunedelplanen for **Årdalstunnelen** ligger an til å bli ferdig innen våren 2016. Sammen med Ryfast vil tunnelen halvere reisetiden mellom Stavanger og Hjelmeland.

HJELMELAND

Høsten 2013 åpnet den fem kilometer lange Svotunnelen, som sikret en stor del av den rasfarlige strekningen langs Tysdalsvatnet. Ennå gjenstår sikring av den store ura ved Øygjaneset. Hvis denne raser, mister halve Ryfylke hovedveien. Nå er Statens vegvesen i god gang med å planlegge en tunnel som skal sikre ura.

Selv om Statens vegvesen utreder fem ulike alternativer, er ordfører Trine L. Danielsen (H) tydelig på hva hun og Hjelmeland kommune ønsker.

– Vi vil ha lang tunnel, fordi den er mest framtidssrettet og samfunnsnyttig. Den har også best kost-nytte, sier hun.

Årsaken er at en lang tunnel vil gi 14 kilometer kortere vei fra Hjelmeland til Stavanger. Når både Ryfast og Årdalstunnelen er åpnet, vil det bare ta cirka 45 minutter å kjøre fra Stavanger til kaien på Hjelmeland. Det er omtrent halvetiden sammenlignet med i dag. Det blir som å flytte Hjelmeland fra Moi til Bryne. Det er dette som kalles regionforstørring. Flere kan velge å bo naturskjønt i Hjelmeland og jobbe på Nordjæren. Tunnelen vil også gjøre det mer aktuelt å kjøre riksvei 13 når man skal til hovedstaden

via Haukeli, som trolig opprustes til rask hovedvei mellom Vestlandet og Oslo.

Asplan Viak har utredet det lange alternativet i tre varianter. Alle tre forlenger Svotunnelen til Årdal og er løsbare både i forhold til linjeføring og geologi. Det er heller ikke registrert konflikter med landskap, kulturmiljø, naturmiljø eller andre forhold som ekskluderer noen av disse alternativene. Vegvesenet foreslår at alle tre blir utredet i kommunedelplanen med konsekvensutredning. Dette støtter Hjelmeland kommune.

Billigst med kort

To korte alternativer utredes også. Disse vil sikre ura, men ikke korte inn reisetiden. Det jobbes for tiden med seismikk og grunnundersøkelser i Tysdalsvatnet ved Tysdal camping.

– Målet er å få Årdalstunnelen finansiert i neste utgave av Nasjonal transportplan. Derfor har vi litt dårlig tid. Det har vært litt problemer med grunnforholdene ved Tysdalsvatnet, men Asplan Viak og Statens vegvesen holder bra framdrift. Nå gjelder det å finne den løsningen i Årdal som er mest samfunnsnyttig. Vi ønsker at veien skal gå der den går i dag, slik at minst mulig landbruks-

jord berøres, forklarer ordfører Danielsen.

Selv om hovedargumentet for tunnel er den rasfarlige ura på Øygjaneset, ønsker Hjelmeland kommune mulighet for å beholde til dagens tilknytning til Målandsdalen. Ellers vil Tysdal camping og bebyggelsen i området bli liggende i en bakeveje. Problemet er at kryss i tunnel i utgangspunktet ikke er i tråd med veinormalene. Kommunen har også diskutert avkjøring til Målandsdalen.

Frist 2016

For at Årdalstunnelen skal komme i betraktning for handlingsprogrammet i INTP for perioden 2018-23, må kommunedelplanen være vedtatt i Hjelmeland kommune innen våren 2016, ifølge planbestiller Olav Andreas Sagen i Statens vegvesen.


– Vi skal gjøre vårt for at denne tidsplanen skal holdes, sier han.

– Når kan Årdalstunnelen i beste fall stå ferdig?

– Det vil jeg ikke spekulere i. Det er et langt løp. Tunnelen må detaljreguleres. Dette er et svært prosjekt i milliard klassen, som er blitt mye mer enn rassikring, sier Sagen.


TOR INGE JØSSANG

toringejossang@aftenbladet.no




Fem alternative traséer er i finalen.

Artikkel fra Stavanger Aftenblad



Reisetid

De grønne søylene viser innkorting i reisetid i minutter. Fra Stavanger til Sauda, Sand, Lovra osv.



Hjelmelandsferja



Ny Tauferje

3.2 Kommunestruktur

Samtalen mellom kommunane Forsand, Strand og Hjelmeland starta sommaren 2014 med eit sonderingsmøte med respektive ordførarar og rådmenn. Det vart gjort politiske vedtak om drøftingar og utgreiingar hausten 2014 og det er etablert ei styringsgruppe som leiar dette arbeidet. Prosessen er nå inne i ein fase med innbyggjarinvolvering. Innbyggjarpanela starta arbeidet i mars 2015 og det skal haldast innbyggjarmøte og gjennomførast ein innbyggjarundersøking i løpet av mai 2015. Parallelt er det starta ein prosess med tilsette i dei 3 kommunane som også tek plass i styringsgruppa. Ryfylke IKS og Rambøll er hyra inn av kommunane i dette arbeidet.

Det skal leggjast fram ein rapport/løypemelding til kommunestyra i juni 2015.

Etter kommunevalet hausten 2015 skal det fattast vedtak om ein går vidare med ei kommunesamanslåing og oppretting av ein ny kommune, eller ikkje.

Ein eventuell ny kommune vil ha om lag 17 000 innbyggjarar og dekkja eit areal på over 2 000 kvadratkilometer.

3.3 Stålverket

Stålverket på Jørpeland har gjennom 100 år vore ei hjørnesteinsbedrift i Strand kommune og prega samfunnsutvikling og bybilete. Scana Steel Stavanger måtte levera oppbod våren 2015. Scana kom inn som eigar etter at verket gjekk konkurs i 1977. Det var då 1 100 tilsette og 400 fekk arbeid i ny verksemd. No var det 115 tilsette ved Stålverket før konkursen. Det er enno uvisst om kva omfang ei fortsatt industridrift vil få. Ny eigar vil starta med 20 tilsette og bemanna opp etter som marknaden utviklar seg.

Fabrikkområdet ligg sentralt i byen og vidare bruk vil vera med å prega sentrumsutviklinga.

3.4 Avkjøling i olje og offshorenæringa

Det kraftige fallet i oljeprisen dempar vekstimpulsane frå Stavanger og Nord-Jæren. Dette vil merkast mest i Strand kommune både for ny drift på Stålverket, men òg for dei mange verksemdene innan maskinering. Det kan òg


merkast ei viss avkjøling i etterspurnad på bustad, og lågare befolkningsvekst.

På den positive sida kan både reiseliv og eksportindustri nytta godt av eit anna utslag på finansmarknaden, nemleg ein svakare kronekurs.


4. Utvikling i arbeidsmarknad og busetting

4.1 Befolkningsutvikling

Jamn utvikling 1990-2007, deretter større vekst i Strand og i tettstader og grender langs hovudvegnettet.




Tabell befolkningsutvikling
Kjelde: SSB



Tabell befolkningsutvikling. «Ryfylke» viser samla utvikling for dei 3 kommunane.


Relativ utvikling 2000 til 2015 er sterkast i Strand og Forsand. Flat og til dels negativ utvikling i Hjelmeland.



Tabell, alderssamansetning i befolkninga
Kjelde: SSB

4.2 Arbeidsmarknaden

Arbeidsmarknaden i dei 3 kommunane har utvikla seg noko ulikt. Strand har hatt ein sterk vekst i sysselsette lik Nord- Jæren medan Hjelmeland har hatt negativ utvikling dei siste åra (les meir om dette i 7.3). Rogaland har hatt ein god arbeidsmarknad med lågaste arbeidsløyse i landet. Ved utgangen av mars måned i 2015 var arbeidsløysa i Rogaland på 3,0 prosent, lik snittet i landet, og Strand hadde den høgaste med 4,3 prosent (Stålverket konkurs), i Hjelmeland og Forsand er 1,9 prosent av arbeidsstyrken utan arbeid.




Tabell som viser utvikling i sysselsettinga i perioden 2000 til 2014.

Kjelde:SSB

4.3 Arbeidsplassutvikling

Jamn utvikling 2004 – 2010, deretter svak nedgang. Størst vekst i Strand og til dels Forsand.




Utvikling i tal på sysselsette 2000 - 2013

Kjelde: Rogaland fylkeskommune/ SSB

5. Utvikling i Bustadmarknaden

5.1 Fordeling mellom bustadtypar


Det er god plass i og spreidd bustadbygging i distrikta. Andelen av einebustadar er derfor høg: 85 % for Ytre Ryfylke, men endå høgare i Forsand og Hjelmeland (90 %)



Kjelde: Rogaland Fylkeskommune

5.2 Fordeling av nye bygg i perioden 2006 til 2013

Urbanisering og fortetting har starta i Strand, og fleire flyttar til sentrum. I perioden 2005 til 2013 er det bygd om lag 100 bu-einingar i året i Strand, 15 i Hjelmeland og 10 i Forsand. Forsand held framleis ein høg andel einebustadar.



Figuren over viser korleis nybygg fordeler seg på bustadtype for kommunane samla. Forsand hadde i same periode ein høg andel einebustad (76 %)

Kjelde: Rogaland Fylkeskommune

6. Samspel i næringslivet

Det er forskjell på samansettinga i næringslivet i dei 3 kommunane, men i sum representerer dette ei stor spennvidde der ein utfyllar kvarandre godt.

Bergverk og sandindustrien har ein betydeleg aktivitet i alle kommunane. Det er ei høg andel industriarbeidsplassar (sjå 7.3). Bak dette talet ligg også arbeidsplassar knytt til Havbruksnæringa (slakteri Hjelmeland). Landbruk er òg ein viktig fellesnemner.

6.1 Næringslivet – robust eller sårbart

Strand kommune

Næringslivet i Strand kommune er fordelt på en rekke sektorer. Dei største sektorene (etter antall tilsette) i Strand kommune er helse og omsorgstjenester, industri, varehandel og bergverk/olje og gass. Om lag 30 prosent av arbeidstakerne i kommunen pendlar ut av kommunen. Dette er i stor grad høgt kompetente arbeidstakarar som arbeider i olje- og gassektoren. Pendlinga er spesielt stor til Stavanger. Store deler av næringslivet i Strand er

knytt opp i ulike deler av verdikjeden til olje- og gass-sektoren, noko som gjer at bedriftene er svært utsett for endringer i aktivitetsnivået i oljesektoren.

Forsand kommune

Forsand kommune har eit relativt einsidig, men sterkt næringsliv. Arbeidsplasser innan offentleg sektor er dominerande, men jordbruket står framleis sterkt. I privat sektor er det sand og betong som står for den største aktiviteten med leveransar av høg kvalitet over heile landet. Sand og betongklynga står dermed svært sterkt med i overkant av 100 arbeidsplassar.

Hjelmeland kommune

Det er sterke næringsklynger innan Havbruk og Landbruk i kommunen. Marine Harvest har ein omfattande oppdrettsaktivitet og det er òg anna aktivitet knytt til denne næringsklynga som til dømes produksjon av emballasje, smoltproduksjon og servicefunksjonar.

Kommunen er sårbar med omsyn til dei vala eit børsnotert selskap, utan lokalt eigarskap (havbruk), kan gjera med omsyn til lokalisering av stab og tenestefunksjonar.

Distriktskommunar med eit stort landbruk er òg sårbare for endringar i rammevilkåra for denne næringa. Trenden er færre, men større brukseiningar med høgare lønnsemd. Totalt sett fell sysselsettinga i landbruket.

Kommunane Hjelmeland og Forsand har utfordringar knytt til nyetableringar og skaping av nye arbeidsplassar. Det etablerte næringslivet er sterkt med god lønnsemd og det er eit fortrinn at det ikkje er like sårbart for endringane i olje- og offshore industrien. Framtida for reiseliv og naturbaserte opplevingar har stort potensiale både mot den internasjonale marknaden og mot ein kjøpesterk innanlandsmarknad.

6.2 Innovasjonsevne

Strand kommune

Biletet på næringslivets innovasjonsevne er todelt. NHOs Nærings NM tyder på at dimensjonen knytt til nyetableringar kunne vore betre. Vidare står "industrikulturen" sterkt i kommunen, noko som kan forklara eit lågt tal på nyetableringar. Samstundes har det, med utgangspunkt i Stålverkets verksemd,

vakse fram ei maskineringsklynge med 10 bedrifter. Vidare er det i kommunen vakse fram eit sterkt elektronikkmiljø og to sterke førprodusentar. Til sist har kommunen nokre sterke aktørar innan smale nisjar mot olje- og gass-sektoren.

Forsand kommune

Utfordringa for Forsand når det gjeld innovasjonsevne er på sett og vis einsidigheita. I tillegg blir voluma (lite innbyggartal) ein hemsko når det gjeld framvekst av nyetableringar innan lokal handel og service. Elles har Forsand store utfordringar i å få til lokal verdiskaping og næringsutvikling knytt til den store straumen av turistar i sommarsesongen. Alt for stor del av verdiskapinga skjer utanfor lokalområda naturattraksjonane faktisk ligg.

Forsand Næringsforeining starta i 2014. Kommunen vil samarbeida nært med foreininga for å få meir fart i næringsutviklingsarbeidet og nyetableringar.

Hjelmeland kommune

I kommunen har ein sterk innovasjonsevne knytt til den sterke havbruksklynga, ført til etablering av grunderbedrifter innan blant anna avlusing og smoltproduksjon med ny teknologi.

Fruktdyrkarnæringa har òg tydelege spor av innovasjon med nye dyrkingsteknikkar, større einingar og vidareforedling. Det sterke miljøet knytt til juletreproduksjon er ein direkte «spin off»-effekt frå Fruktdyrkarmiljøet.

Sentrale utfordringar knytt til innovasjonsevne i regionen:

Stimulera til auke i antall etableringar.

Arbeida med å styrka dei konkurranseutsette bedriftene si omstillingsevne mot nye marknader og moglegheiter.

6.3 Næringsklynger

Det finst fleire sterke næringsklynger i regionen. Strand kommune har 10 bedrifter innan maskinering. Scana Steel har vore lokomotivet i denne utviklinga. Desse bedriftene har dei siste åra hatt ein monaleg vekst og leverer til ei rekke sektorar frå olje og gass til elektronikk. Kommunen har også ei sterk elektronikk-klynge med aktørar som Comrod, Electrocompaniet og

Westcontrol. Disse er leiande på sine område og har hatt ein stor vekst dei siste åra. Kommunen har òg sterke fôrproducentar som Fiskå Mølle, den nest største aktøren i Norge på fôrproduksjon. Tau Mølle er og ein viktig aktør på dette området. Det kan også nemnast at kommunen har spennande bedrifter som leverer spesialløyningar til oljesektoren. Aktørar som JWS (reinsing av borekaks, Nosefo (tryggleiksopplæring) og Carepak (konservering av utstyr) er døme på dette.

Andre viktige næringsklynger i regionen er Sand og Pukk-industrien, tilknytt foredling og vidare handsaming. Dessutan havbruksnæringa, det tradisjonelle landbruket og nisjar i landbruket.

Felles utfordringar knytt til næringsklynger i dei 3 kommunane:

Legga til rette for lokalisering av bedrifter som kan støtta opp rundt dei eksisterande klyngene i kommunen.

Stimulera til betre samarbeid mellom bedriftene som finst i kommunane.

Samarbeid på arealplan og næringsutvikling.

6.4 Landbruk

Kommunane i Ytre Ryfylke har eit aktiv landbruksmiljø som representerer fleire viktige næringsklynger. Regionen har eit aktiv skogbruksmiljø, og Hjelmeland var den kommunen i Rogaland som tok ut mest tømmer i 2014. Ryfylke har òg lange tradisjonar på fruktdyrking og dei 3 kommunane har over 65 prosent av fruktproduksjonen i Rogaland.

På husdyrbruk og areal i drift ligg Ytre Ryfylke på mellom 8 og 10 prosent av den samla produksjon i Rogaland. På sau er antall bruk og dyr høgare.

I tillegg til sterke miljø som driv med juletreproduksjon, bær, pelsdyr, som det ikkje er henta inn statistikk på.

Kommune	Areal i drift	Tal bruk prod.tilskot	Mjølkebruk	Tal mjølkekyr	Sauebruk	Tal sau
Hjelmeland	38 700	195	37	885	141	8 579
Strand	24 200	143	26	701	106	5783
Forsand	13 700	60	16	358	46	3530
Sum	76 600	398	79	1944	293	17 892
Rogaland	997 700	4 344	1 302		2 543	

Tabell landbruksfakta mjølk- og sauebruk 2014

Kommune	Bruk slaktegris	Bruk høns	Høns	Bruk eple	Kg eple	Samla produksjons- tilskot (1 000)
Hjelmeland	20	10	51 300	11	162 800	22 400
Strand	7	8	42 500	1	4 200	11 800
Forsand	0	3	7 200	0	0	8 400
Sum	27	21	101 000	12	167 000	42 600
Rogaland	597	294		20	253 000	545 632

Tabell landbruksfakta svin, høns og frukt 2014

Kommune	Hogst m3	Hogst da	Planta da
Hjelmeland	31 381	778	20
Strand	6 583	130	0
Forsand	1 469	32	0
Sum	39 443	940	20
Rogaland	135 705	3 732	585

Tabell landbruksfakta skogbruk 2014

6.5 Turistnæringa og fritidsmarknaden

Dei 3 kommunane i Ytre Ryfylke husar ei rekke attraksjonar kor Preikestolen og Kjerag i Forsand kommune er dei fremste ikona, òg internasjonalt. I tillegg er det eit rikt utval av naturperler og Stavanger Turistforeining har godt merka løyper til 18 av desse. Turiststraumen til Lysefjorden og Preikestolen har dei siste åra hatt ein årleg vekst på ca. 20 % i besøkstal, og er nå oppe i 600 000 besøkande årleg. Ein ser også ein vekst i nyetableringar innan reiseliv i området. Ein har dessverre ingen gode kjelder til gje eit rettvise bilete av den verdiskapinga reiselivet har i dag. Fleire av aktørane er små og enkeltpersonføretak er ikkje med i offentlege statistikkar. Men ein kan trygt hevda at verdiskapingspotensialet er betydeleg og ikkje godt nok utnytta. Lysefjordtrafikken representerer nok aleine ein milliard i årleg omsetning. Reiselivsnæringa arbeider aktivt for at meir av dette skal bli verande i dei 3 Ryfylkekommunane.

Reiselivet i Ryfylke er organisert med eit destinasjonsselskap, Reisemål Ryfylke AS, og eit utviklingsselskap, Lysefjorden Utvikling AS.

I tillegg har Stiftelsen Preikestolen eit spesielt ansvar i Preikestolområdet, med parkering, tilrettelegging og utvikling av Preikestolområdet. Ryfylke IKS har saman med reiselivsnæringa utarbeida ein handlingsplan for utvikling av reiselivet dei kommande åra gjennom *Reiselivsplan for Ryfylke 2013 - 2028*.

Innan reiseliv har Ryfylke knytt eit tettare samarbeid med Hardanger, blant anna med å kopla ikona Preikestolen, Kjerag og Trolltunga. Det vert frå sommarsesongen 2015 sett opp bussamband mellom Forsand og Kinsarvik slik at turistar lett kan flytta seg mellom Hardanger og Ryfylke. Ein annan positiv synergi er at næringslivet langs Nasjonal turistveg samarbeider også tettare, eit døme på dette er hotellklynga Discovery Route .

Ryfylke er også eit svært attraktivt område for fritidsbustadar, med om lag 2 500 fritidsbustader i Ytre Ryfylke. I Hjelmeland kommune er det t.d. like mange fritidsbustader som bustader og her blei det i 2012 gjennomført ei lita studie på kor mykje av omsetnaden av daglegvarer hyttefolket stod for. I dei to butikkane i Hjelmelandsvågen var over 40 prosent av den årlege omsetnaden knytt til hytte/fritidsmarknaden. Dette kom ein fram til å studera dagsomsetninga for eit heilt år og halda dette opp mot kalender med ferie og utfartshelger. I ei spørjeundersøking knytt til denne studien kom det òg fram at

fleirtalet av hytteeigarane forlenga sesongen med å arbeida frå hytta ein eller fleire dagar i veka. I snitt blei fritidsbustaden brukt 120 dagar i året og det største ønsket var betre breibandsdekning for å kunna bruka hytta som heimekontor.

Det er faktisk grunn til å tru at fritidsmarknaden, representert av hyttefolket, i dag legg att meir pengar i lokale butikkar og verksemdar enn den typiske preikestolturen gjer.

Om Forsand, Strand og Hjelmeland klarar å utvikla sine tettstader og bysentrum i Jørpeland på ein slik måte at både fastbuande og tilreisande finn attraktive tilbod og opplevingar, vil dette vera ei sterk kraft og ein drivar for ei ønska felles utvikling av sentrum. Det vil òg bety store inntekter og mange arbeidsplassar.

Reisemål Ryfylke AS

Reisemål Ryfylke er eit reisemålsselskap med fem aktive kommunar (Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Forsand) og ca. 85 reiselivsbedrifter i Ryfylke, som eigarar. Selskapet jobbar med marknadsføring, overordna produktutvikling og vertskapsfunksjonar for heile Ryfylkeregionen. www.ryfylke.com er dei offisielle nettsidene for reiselivet i Ryfylke. Selskapet vart etablert i 1995 og har ein aksjekapital på NOK 680 000. Kontoret ligg sentralt i Hjelmeland, der det for tida er to fast tilsette.

Lysefjorden Utvikling AS


I 2005 gjekk kommunane i Ryfylke og andre interessentar i området, saman og danna selskapet Lysefjorden Utvikling AS. Selskapet vart danna for å stå for tilrettelegging av reiselivsbasert næringsutvikling. Selskapet har to fast tilsette, i tillegg nyttar ein prosjekttilsette. Turistferja på Lysefjorden er selskapet sitt ansvar og det er lagt ei spesiell utviklingsoppgåve knytt til Flørli som turistplass. Næringsutviklingsprosjektet "Lysefjorden Rundt" samlar all aktivitet direkte retta mot næringsutvikling. Fylkeskommunen er største eigaren i selskapet. Kontorplass er Forsand kommune.

7. Samspel i arbeidsmarknaden

7.1 Stor skilnad i befolkningsutvikling


Bak befolkningsveksten i Strand kommune ligg det eit stort fødselsoverskot og i dei seinare åra, både innvandring og positiv netto frå innanlands flytting.

Hjelmeland kommune klarer med naud å oppretthalda folketalet med arbeidsinnvandring.



Tabell, befolkningsutvikling 2000-2007


Kjelde:SSB



Tabell, befolkningsutvikling 2007-2015

Kjelde:SSB


Næringslivet i Hjelmeland, og spesielt oppdrettsnæringa, har hatt stor nytte av arbeidsinnvandring frå Europa/Aust Europa. Nær 17 % av innbyggjarane i kommunen er innvandrarar. Denne gruppa har noko større mobilitet enn dei som er oppvaksne i kommunen og er noko av årsaka til ei relativt stor innanlands flytting i kommunen saman med at ungdommen flyttar til «byen».



Tabell, andel innvandrere og barn av innvandrere 2000-2014
Kjelde:SSB

7.2 Arbeidsstad, pendling


For Ryfylke samla arbeider 69 % i eigen kommune. 5 % har arbeidsstad i annen ryfylkekommune og 16 % på Nord Jæren. Figuren under viser at Forsand og Strand har ei høgare pendling ut til Nord Jæren og folk frå Forsand og Hjelmeland finn i stor grad arbeid i nabokommunane Strand og Suldal.



Figur arbeidstad, sysselsette 4. kvartal 2013
Kjelde: SSB


7.3 Kvar finst arbeidsplassane og kor vert dei skapte?

Det er få arbeidsplassar innan tenesteyting, finans, kommunikasjon og handel. Mykje landbruk og industri (inkl. arbeidsplasser innan havbruk)



Figuren viser korleis arbeidsplassane i dei 3 kommunane fordelar seg på bransjar 2013.

Kjelde: SSB



Figuren viser korleis sysselsettinga i dei ulike bransjane har utvikla seg frå 2008 til og med 2013 i Ytre Ryfylke.

Kjelde: SSB

Bergverk har hatt ein kraftig vekst i tal på tilsette, det same har stillingar innan det offentlege om me ser Ytre Ryfylke samla i åra 2008 – 2013.

I absolutte tal er det skapt flest nye jobbar i Bergverk (114), tett følgt av Helse- og sosial (92) og undervisning (66). I motsett ende av skalaen finn me landbruk (-95), personleg tenesteyting (-58) og «forretningsmessig tenesteyting» (-33).

Forsand	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Utvikling
Jordbruk, skogbruk	63	58	58	55	43	44	-19
Bergverksdrift og utvinning	30	31	33	28	33	32	2
Industri	68	61	65	78	79	73	5
Elektrisitet, vann/renovasjon	13	13	13	11	10	11	-2
Bygge- og anleggsvirk.	41	40	28	29	34	51	10
Varehandel	16	13	21	19	18	22	6
Transport og lagring	32	34	30	29	32	34	2
Overnatting og servering	10	14	15	14	9	12	2
Informasjon og kommunikasjon	12	12	0	0	0	0	-12
Finansiering og forsikring	0	0	0	0	0	0	0
Teknisk tenesteyting	5	3	4	5	4	4	-1
Forretningsm.-tenesteyting	13	10	28	32	21	11	-2
Off. adm	37	34	32	30	29	54	17
Undervisning	54	50	44	47	47	45	-9
Helse- og sosialteneste	117	120	124	135	143	148	31
Personleg tenesteyting	7	8	11	11	11	10	3
Uoppgått	3	2	4	5	3	2	-1
Utvikling i periode							32

Tabell sysselsette i Forsand pr. 4. kvartal

Kjelde: SSB

Strand	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Utvikling
Jordbruk, skogbruk	203	214	204	187	160	159	-44
Bergverksdrift og utvinning	15	53	91	115	120	105	90
Industri	694	676	688	702	702	683	-11
Elektrisitet, vann/renovasjon	39	33	30	26	35	34	-4
Bygge- og anleggsvirk.	308	315	335	398	407	416	108
Varehandel	498	507	492	483	485	479	-19
Transport og lagring	259	247	255	227	217	235	-24
Overnatting og servering	79	81	77	77	80	110	31
Informasjon og kommunikasjon	16	15	19	16	21	19	3
Finansiering og forsikring	43	36	31	27	27	24	-19
Teknisk tenesteyting	174	186	186	171	184	202	28
Forretningsm.-tenesteyting	199	185	179	148	131	135	-64
Off. adm	124	151	139	136	137	155	31
Undervisning	392	451	467	431	459	460	68
Helse- og sosialteneste	861	872	913	966	961	941	80
Personleg tenesteyting	161	164	181	151	151	105	-56
Uoppgitt	11	11	16	15	14	19	8
Utvikling i periode							206

Tabell sysselsette i Strand pr. 4. kvartal

Kjelde: SSB

Om ein ser på kommunevise forskjellar så kjem Hjelmeland svakast ut grunna fleire forhold. Dei viktigaste årsakene er flytting av ei større entreprenørbedrift til Strand, reduksjon i hotellbransjen som følgje av finanskrisa, og ein reduksjon i offentleg tilsette etter innsparingsprogram i Hjelmeland kommune. Sjå tabellarisk framstilling for kvar kommune på dei neste sidene.

Hjelmeland	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Utvikling
Jordbruk, skogbruk	294	279	292	275	268	262	-32
Bergverksdrift og utvinning	3	20	21	27	26	25	22
Industri	223	211	217	225	242	215	-8
Elektrisitet, vann/renovasjon	8	10	8	9	14	16	8
Bygge- og anleggsvirk.	165	157	239	168	106	93	-72
Varehandel	82	94	91	85	83	85	3
Transport og lagring	70	73	72	74	75	66	-4
Overnatting og servering	57	44	53	37	30	36	-21
Informasjon og kommunikasjon	5	0	0	0	0	0	-5
Finansiering og forsikring	27	25	26	23	20	18	-9
Teknisk tenesteyting	35	24	22	28	32	30	-5
Forretningsm.-tenesteyting	54	63	80	79	80	87	33
Off. adm	63	66	63	55	51	54	-9
Undervisning	91	94	99	102	103	98	7
Helse- og sosialteneste	247	238	266	246	237	228	-19
Personleg tenesteyting	30	30	24	26	25	25	-5
Uoppgitt	7	4	7	8	7	7	0
Utvikling i periode							-116

Tabell sysselsette i Hjelmeland pr. 4. kvartal

Kjelde: SSB

7.4 Utdanningsnivå

Utdanningsnivået i Ytre Ryfylke er lågare enn landsgjennomsnittet. Andelen av innbyggjarar med høgare utdanning heng først og fremst saman med jobbtillbod. Andelen med høgare utdanning aukar i Strand som ei naturleg følgje av busette som pendlar til Nord- Jæren og kompetansearbeidsplassar knytt til olje- og offshorenæringa.

Kompetanse	Grunn- skule	Grunn- skule	Høgare utdanning	Høgare utdanning	Fagut- danning	Fagut- danning	Teknisk/ naturvit.	Teknisk/ naturvit.
	2008	2012	2008	2012	2008	2012	2008	2012
Strand	16,9	15,3	2,5	4,1	9,0	10,2	1,3	1,5
Forsand	20,9	17,3	2,3	1,9	10,5	10,6	2,9	1,6
Hjelmeland	20,5	16,5	3,5	4,8	13,1	12,4	1,8	2,3
Ryfylke	17,8	16,0	1,9	2,5	10,6	12,2	1,1	1,3
Landssnitt	17,3	15,2	5,6	6,9	9,5	10,1	2,6	2,9

Tabell kompetanse, nominelle tal

Kjelde SSB

7.5 Blir opninga av Ryfast ein «game changer»?

Det er høgst sannsynleg at fastlandssambandet til Nord Jæren og kortare reisetid vil påverka arbeidsmarknaden og at andelen som pendlar frå Ryfylke til Nord- Jæren vil auka. Det må òg kunna ventast at fleire vil busetta seg i Ryfylke og framleis ha sitt arbeid på Nord-Jæren. Andre studiar av infrastrukturutbyggingar visar at produktiviteten i arbeidslivet aukar når regionen blir knytt tettare saman. Det er fleire grunnar til dette. Konkurransen om arbeidskrafta vil auka. Dette gjer at arbeidstakaren har fleire jobbar å velja i samstundes som bedriftene må utvikla seg for å vera attraktive arbeidsgjevarar. Det går òg motsett veg ved at både bedrifter og offentleg sektor får fleire å velja blant når dei skal tilsetta nye folk.

Med Ryfast mistar ein samstundes 2 ferjesamband. Høgsfjord- og Tau-sambandet. Forsand og delvis Tau vil mista denne gjennomgangstrafikken.

Ryfast kan gje høgare utpendling og sterkare handelslekkasje og truga med å gjera Jørpeland om til ein «soveby».

Ryfast kan og skapa det motsette – netto innpendling og handelsoverskot. Ein trussel inneber også eit høve. Derfor vil det for Ytre Ryfylke handla om å gripa det høvet som no byr seg. Å utvikla og styrka Jørpeland som regionsenter og på den måten skapa ein attraktiv destinasjon for både fastbuande og besøkande i

regionen kan vera ein langsiktig og berekraftig strategi for utvikling av regionen og dei 3 kommunane.

8. Samspel i den offentlege tenestemarknaden

Det offentlege tenestetilbodet er stort og omfattande. Kommunane i regionen er ansvarleg for ein stor del av tenestetilbodet, men også fylkeskommunen og staten utfører mange oppgåver som er viktige for innbyggerane i regionen. Døme på fylkeskommunale tenester er vidaregåande skular, fylkesveger og kommunikasjonar som båt- og bilruter. Døme på statlege oppgåver er politi, ambulanse- og sjukehusdrift.

Dei tre kommunane har i dag eit omfattande samarbeid for å kunna gje gode tenester til innbyggerane.

Døme på slike samarbeid som gjeld to eller tre av kommunane er:

- felles PP-teneste
- varig tilrettelagt arbeid
- felles legevakt
- samarbeid om vaksenopplæring
- IT-samarbeid
- brannsjef og branntilsyn
- felles skatteinnkrevjing
- felles bruk av korttids plassar på sjukeheim ved behov

I tillegg kjem samarbeid innan renovasjon (Rymi), vatn og avløp (IVAR IKS), forsyning av kraft (Lyse) og akutt forureining (Rogaland Brann og Redning IKS).

Det er i dag godt samarbeidsklima mellom dei tre kommunane i regionen gjennom etablert samarbeid om produksjon av tenester og vilje til å gå inn i samarbeid på nye tenesteområde.

Dei tre kommunane arbeider for tida med etablering av fleire nye samarbeid, som til dømes felles KAD (kommunalt akutt døgntilbod) og felles utvikling og utprøving av velferdsteknologi. Det er òg eit arbeid for å finna ei felles løysing når det gjeld barnevernvakt og for å greia ut om vi kan utvida legevakt-samarbeidet til å gjelda alle tre kommunane.

Kommunal tenesteutvikling blir stadig meir kompetansekreivjande. Skal vi kunna levera tenester til innbyggerane med den kvaliteten som dei ventar og i

tråd med dei krava som er sett i lovverket og frå statlege styremakter, må vi ha sterke fagmiljø der fleire medarbeidarar med ulik spisskompetanse skiper sterke grupper som til saman kan dekkja kompetansekravet i dei einskilde tenesteområda og samtidig ha utviklingskraft til å gjera tenestene betre og meir effektive. Kompetansebehovet er ikkje statisk, det aukar frå år til år i takt med sterkare lovregulering, skjerpa krav frå Staten og auka krav frå innbyggjarane. Det som var godt nok i går, vil ikkje halda i morgon. Kommunane må derfor styrke kompetansen på alle område.

Til dømes vil krava til kommunal plan- og byggesaksforvaltning ikkje kunna dekkast av ein arkitekt åleine eller av ein ingeniør åleine, slik situasjonen var på 70-talet. Gjennom fleire lov- og forskriftsendringar er krava til kommunen på dette feltet skjerpa samanhangande gjennom 50 år. Det krevst både teknisk, planfagleg, kartfagleg og juridisk spisskompetanse for å løysa desse oppgåvene tilfredsstillande.

9. Samspel i den private og offentlege tenestemarknaden

9.1 NHOs nærings NM

NHOs nærings NM skisserer opp fire hovudindikatorar for å måla attraktiviteten til næringslivet i kommunen. Dette er lønnsemd og vekst i bedriftene, storleiken på næringane og nyetableringar. Forsand kommune og Strand kommune er høgt plassert og Rogaland er eit område med høg vekst og lønnsemd. På sistnemte er òg Hjelmeland høgt plassert grunna oppdrettsnæringa som er viktig i kommunen. På nyetableringar er det berre Forsand som skil seg positivt ut i 2014.

Rangering 2014	Kommune	Lønnsemd	Vekst	Nyetablering	Storleik
11	Forsand	24	21	9	273
39	Strand	26	40	181	274
175	Hjelmeland	7	340	323	93

Tabell rangering NHO kommune NM 2014

9.2 Infrastruktur og transportutfordringar

Ryfast vil stå ferdig i 2019 og gje fastlandssamband til Stavanger og Nord-Jæren. Ferjesambanda Tau - Stavanger og Oanes – Lauvik, blir lagt ned og endrar heile trafikkbiletet. Svotunellen mellom Strand og Hjelmeland stod ferdig i 2013. Dette er eit rassikringstiltak, men det korter òg inn reisetida. Årdalstunnelen er under planlegging. Dette er òg eit rassikringstiltak som potensielt kan korta inn reisetida mot sør monaleg.

Desse endringane er positive med omsyn til reisetid og vekstimpulsar på Nord Jæren og betre tilgang til ein felles bustad- og arbeidsmarknad.

Men dei er samstundes utfordrande med omsyn til mogleg handelslekkasje og sentrums- og tettstadsutvikling. Tettstadene Tau og Forsand vil ikkje lenger ha trafikken frå dei 2 ferjesambanda.

Kollektivtilbodet er svakt og kostbart som følgje av ferje- og hurtigbåtsamband med relativt låge trafikktalet. Ryfast vil krevja ei heilt ny vurdering av kollektivtilbodet i Ryfylke.

Ferjesambandet over Jøsenfjorden i Hjelmeland kommune opplever ein sterk trafikkauke som venteleg vil ytterligare styrkast etter Ryfast. I dag blir sambandet betjent av ei ferje som òg dekkjar øya Ombo i eit trekantsamband. Dette gjev store utfordringar i høgsesong og på utfartsdagar, i eit samband som er prega av turiststraumen frå Lysefjorden/Preikestolen og hytteeigarar frå Nord-Jæren. I høgsesongen er 2/3 av trafikken i dette sambandet knytt til turistar og hyttefolk. Det er ikkje gjennomført noko vurdering av kva effekt Ryfast vil få på turisttrafikken som tidlegare gjekk over Oanes og Tau.

RV 13 frå Oanes til Røldal har status som Nasjonal Turistveg og turisttrafikken frå Preikestolen til Trolltunga representerer ei spanande moglegheit for både reiselivsnæringa og anna næringsliv i Ryfylke. I 2015 skal det prøvast ut eit busstilbod frå Oanes/Preikestolen til Trolltunga via Røldal. Etter Ryfast-opning vil strekninga frå Oanes til Hjelmeland vera truga som Nasjonal Turistveg.

Jøsenfjordsambandet er den største flaskehalsen på RV 13 gjennom Ryfylke og den vil venteleg følast enda trongare etter opninga av Ryfast i 2019.

Vegvesenet arbeider med ein ny anbodsperiode frå 2016 til 2019. Første anbodsopning i mars 2015 blei forkasta da ingen leverte kvalifiserte anbod.

Det kan merkast at samstundes med at Ryfast bringer Ytre Ryfylke nærare Stavanger og Nord Jæren så bidreg den òg med å «auka» avstanden mellom Ytre- og Indre Ryfylke.

Satsinga på E 134 Haukeli som hovudtrasé i Aust-Vest- sambandet, vil gjera RV 13 gjennom Ryfylke til den kortaste vegen frå Stavanger til Oslo og brusamband over Jøsenfjorden kan verta det viktigaste samferdsleprosjektet for næringsutvikling i både Ytre- og Indre Ryfylke i åra framover.

9.3 Sentrum- og tettstadsutvikling

Jørpeland, i Strand kommune, fekk bystatus i 1998 og det føreligg ein ny og omfattande sentrumsplan som ligg ute til høyring. Strand kommune har hatt ein grundig og omfattande planprosess med brei involvering av både innbyggjarar og næringsliv. Planen har til formål å setta rammer for vidare utvikling i området.

Viktige tema det er tatt stilling til i planarbeidet er:

«- Interkommunal og regional posisjon i forhold til Ryfast.

Det har vært vesentleg i arbeidet med områdeplanen å definera kva sentrum skal vera i framtida sett i forhold til etablering av Ryfast og i forhold til at Jørpeland skal utviklast som regionsenter i Ryfylke.

- Bustadvekst

Strand kommune har i perioden 2004 – 13 hatt ein befolkningsvekst på 1 700 personer, tilsvarande 1,4 % vekst i tiårs perioden. Dei siste åra betydeleg høgare. Dei andre 2 kommunane har hatt ei flat til svakt negativ utvikling i tal innbyggjarar. For Strand si del er det venta at ny vegforbindelse til Stavanger og Nord Jæren vil gjera Strand meir attraktiv som bustadkommune.

- Byrom – transformasjon – utviding

Området som sentrumsområdet med høg urbaniseringsgrad stiller store krav til byrom og bygningsformer og samanhengen mellom det nedre og det øvre sentrum samt tilgjengelegheit/kontakt frå øvre sentrum til heile Vågenområdet og sjø er viktig i planarbeidet.

- Stålverksområdet

I planarbeidet har det vært viktig å ta stilling til Stålverkets som framtidig næringsområde. Etter konkursen i Scana Steel er det skapt ein ny situasjon.

- Transport

Den trafikale situasjonen for sentrumsområdet knytt til innfartsårer både for myke- og harde trafikantar er vurdert opp mot ein ønska situasjon i framtida.»

Turisttrafikken og vurdering av korleis turisttrafikken kan og bør utviklast etter Ryfast er ikkje utgreia.

Elles er det historisk slik at sentrum og tettstader har utvikla seg noko tilfeldig, som for resten av landet. Men det er eit auka fokus på gjennomførte sentrums- og tettstadsplanar som fokuserer på fortetting og stadeigne kvalitetar òg i distrikta.

Det er òg ei aukande forståing av at tettstadar i distriktskommunar må fokusera på andre bukvalitetar, i tillegg til god plass og mykje natur.

Både Hjelmeland og Forsand har overordna planar for sine tettstadar. I Hjelmeland kommune er det gjort vedtak om å sjå nærare på utviklinga av Hjelmelandsvågen spesielt.

Gode prosessar og planar krev oppfølging og kraft for å innfri målsettingane, og dei 3 søkarkommunane vil fokusera på dette i fase 2 av ByR. Kor fort desse prosessane går vil vera konjunkturavhengig, og ein viktig drivar, i tillegg til samhandling mellom det offentlege og næringslivet, er etterspørsel etter bustadar og næringslokalitetar.

9.4 Tilbod innan idrett og kultur

Strand kommune

Det er 165 registrerte organisasjonar og lag i Strand kommune. Blant alle disse finn ein eit rikt og variert tilbod innan ulike interessegrupper, som humanitære organisasjonar, idrettslag og friluftsgeselskap, kyrkjelydar og søndagskular, pensjonistforeiningar, bonde- og bygdelag, song- og musikklag, og politiske organisasjonar. Strand kommune har mange aktive vaksne som engasjerer seg sterkt i ulike stiftingar og lag. Her finner du Senioruniversitet og SeniorDans, tysdagsturlaget, Stiftelsen Mølleparkens venner, Strand Historielag og Ryfylke Veterankøyretøyklubb og mange fleire.

Dei største organisasjonane er innafor idretten, med Staal Jørpeland som den største, med bortimot 1000 medlemmer. Strand har godt og vel 60 organisasjonar og lag som driv med ulike former for barne- og ungdomsarbeid. Tilbod innan idrett: Handball, fotball, friidrett, innebandy, symjing, karate, trial, turn, drill, klatreklubb, skyttarlag, jaktbue, dart, brettklubb, sjakk, seglforeining. Tilbod innan kultur: kor, musikkorps, kulturskule, speidar, sceneverket (revy/teater) og dans.

Anna: ulike barne- og ungdomsforeiningar i regi av religiøse organisasjonar.

Hjelmeland kommune

Det er 100 registrerte organisasjonar og lag i Hjelmeland kommune. Blant alle desse finn ein eit rikt og variert tilbod innan ulike grupper til dømes Hjelmeland Røde kors , Idrettslag, Hjelmeland Turlag (tilknytt Stavanger turistforeining), kristne organisasjonar og lag/foreiningar, helselag, sanitetsforeining, hagelag, yrkes- og fagorganisasjonar , bygderåd, bygdeutval, velforeingar, båtforeiningar, 2 kor og Hjelmeland storband. Hjelmeland kommune har mange aktive frivillige som engasjerer seg både gjennom Frivilligsentralen og i ulike frivillige lag og organisasjonar. Her finn du Bygdekvinnelag, Mållag, Sogelag, Folkeakademi, Strikkeklubb, Seniordans, Seniornett, Bygdatreff, Trimmen for alle, Jøsenfjord Rutelag AL , og mange fleire.

Tilbod innan idrett: Handball, fotball, ski, sykkel, skyttarlag, sjakk, softgun.

Tilbod innan kultur: Storband, Kunstlag, Ungdomsteater, Teaterlag, kor, 4H, kulturskule.

Anna: Ulike barne- og ungdomsforeiningar i regi av religiøse organisasjonar.

Forsand kommune

I Forsand er det registrert 65 lag/organisasjonar. Blant desse er eit rikt og variert kulturtilbod for alle interessegrupper. Barne- og ungdomsarbeid er prioritert ved tildeling av kommunale tilskot.

Dei mest aktive er idrettslag, skyttarlag, jegar- og fiskeforeining, Norsk Folkehjelp, islandshestforeining, motorsport, klatreklubb, speidarlag og ungdoms- og revylag. Fleire religiøse lag har aktivitetar for både barn, ungdom og vaksne. Forsand idrettslag er størst med 250 medlemmer, og har lag for fotball, handball, ballbingeturnering, trim, og orientering. Arrangerer årleg turen «Forsandtråkken».

Norsk folkehjelp og KFUK/KFUM speidarane driv interkommunalt for kommunane Strand og Forsand.

I samarbeid med lokalt sogelag har ein i seinare tid sett fokus på lokalhistoria i tillegg til temasamlingar på Aktivitetssenteret. Seniordansen i Forsand er interkommunal, også for Strandbuar. Velforeiningar og grendeutval skapar trivseltak ute i grendene.

Strand og Forsand Turlag (tilknytt Stavanger turistforening) aktiviserer innan friluftsliv.

Frivillige lag/organisasjonar og enkeltpersonar gjer ein kjempeinnsats for lokalt kulturarbeid i tillegg til den aktiviteten som kommunen driftar sjølv, som fritidsklubb, kulturskule, bibliotek, allbrukssenter/aktivitetssenter og symjehall.

Kultureksjonen tilbyr ferieaktivitetar i skulen sin vinter og haustferie som også blir utvida med aktivitetar eit par veker om sommaren.

9.5 Ungdoms- tilbod og trivsel

Strand kommune

Det er pr. i dag få ungdomstilbod utover den organiserte aktiviteten i lag og organisasjonar med treningar, øvingar. Nokre få unntak, fortrinnsvis i religiøse organisasjonar. Eks. KRIK, Tweens, Tenkraft, fredagsklubben Nattekafé. Staal Jørpeland har det siste året hatt et «Open Hall»-prosjekt siste fredag i månaden.

Kulturkontoret arrangerer ulike kulturaktiviteter. Faste aktiviteter: UKM og Skiweekend til Hovden. Deler i tillegg ut ungdomsmidlar (samen med Ungdomsrådet) til ulike aktiviteter i regi av andre.

Hjelmeland kommune

To 4H klubbar, Ungdomsteater, U rom, KRIK, Røde kors Røff og idrettsaktiviteter gjennom idrettslaga.

Kulturkontoret/Ungdomsrådet arrangerer: U- rom på fredagskveldane, Konserter, UKM, Grøssartur Trodla Tysdal, ordning med ungdomstaxi.

Forsand kommune

I Forsand har fritidsklubben faste aktivitetar i tillegg til fredagskvelds-arrangement med diskotek, film, hall-aktivitet, Lan og poolparty. Rogaland fylke har gitt tilskot til interkommunal skyss mellom Strand og Forsand til arrangement for ungdom.

Inntil to gonger årleg arrangerer kulturkontoret lær-meir-kurs for ungdommar i ulike sjangrar som song, drama, sjonglering, teatersport dansekurs m.m.

Deltek årleg i Ungdommens kulturmønstring og sender deltakarar frå lokalmønstring til fylkesmønstringa.

Har etablert ungdomsråd.

Forsand har kommunale tilskot slik at skuleungdom i alderen 16-18 år kan søka sommarjobb i tre veker.

10. Kva hemmar og fremmer vekst i dei enkelte kommunane

10.1 Kompetanse

Stavanger-regionen har ein ambisjon om å vera blant Europas fremste kompetanseregionar. Framtidas arbeidsliv vil vera prega av høge krav til kompetanse. Det er venta at eit høgt aktivitetsnivå vil føra til større etterspørsel etter kvalifisert arbeidskraft. Rekruttering må kanskje skje langvegs frå.

Det generelle nivået på formalkompetanse er noko lågare i Ytre Ryfylke enn i storbykommunen. Som følgje av Ryfast, ventar ein vekst av tilflyttarar til kommunen. Erfaringar frå andre kommunar som har fått tilsvarande vegutbyggingar, viser at tilflyttarar utgjør ei monaleg kompetansetilførsle. Samstundes er det slik at mange er pendlerar og held på si tilknytning utanfor kommunen. Tilflyttarar og heimflyttarar er ein potensiell ressurs. Det er lettare for bedriftene å rekruttera lokal arbeidskraft enn folk utanfrå. Fleire arbeidsgjevarar rekrutterer heim pendlerar. Det er særlig utfordrande å

rekruttera til stillingsgrupper der landbaserte næringer konkurrerer med offshore.

I noko grad fører utfordringar med rekruttering til at bedrifter nyttar underleverandørar til oppgåver dei kunne ha tilsett folk til sjølve. For dei stillingsgruppene det er vanskelegast å rekruttera til, opplever enkelte arbeidsgjevarar at det kan vera ei ulempe for bedrifta å være lokalisert i Ytre Ryfylke. Det er god grunn til å tru at dette biletet vil endra seg positivt etter Ryfast.

Sentrale utfordringar for Ytre Ryfylke er:

- Leggja til rette for etablering av fleire bedrifter som nyttar høgkompetent arbeidskraft.
- Bidra til at kompetansereserve av pendlarar vert sysselsett i Ytre Ryfylke.

10.2 Omstilling og nyskaping

Næringslivet møter konkurranse på stadig nye område. Evne til omstilling og nyskaping er viktige drivarar for fortsatt høg konkurranseevne. Næringslivet i regionen har høg lønsemd, men få nyetableringar. Den høge utpendlinga i regionen påverkar òg aktivitetsnivået og omfanget i privat sektor.

Strand kommune har eigen næringssjef, og det er etablert fora for dialog mellom næringsliv og kommune. Utanom regional rådgjevar for landbruk og bygdeutvikling, verker det som om tilbod til etablerarar i kommunen er lite kjent. Strand har ikkje eigen infrastruktur for etablerarar som til dømes næringshage. Når det gjeld tilgang på kapital, let det til at etablerte bedrifter ikkje opplever dette som ei utfordring. Tilgang til risikovillig kapital er ei kjent utfordring for etablerarar elles i landet.

Felles for alle kommunane er at manglande sysselsetting ikkje har vore noko problem fordi olje- og offshorenæringa har gitt Vestlandet tilgang til mange godt betalte arbeidsplassar. På den eine sida har dette medført at sjølv kommunar som har fall i sysselsettinga har oppretthalde ei svært låg arbeidsløyse. Mangel på arbeid har såleis ikkje vore ein stor drivar for nyskaping.

Konkursen i Scana Steel Stavanger viser tydeleg kor viktig det er at kommunane saman med næringslivet har ein beredskap. Det er viktig og gledeleg at lokale aktørar frå ei etablert næringsklynge har kjøpt buet og starta ny drift allereie.

Arbeidet med fokus på tettstadsutvikling, kommunestruktur, samarbeid, reiselivspotensiale og den venta effekten av Ryfast, gjer at kommunane nå byggjer ein viktig beredskap for å gjera dette til ei moglegheitens tid.

10.3 Attraktivitet - bustads-, arbeids- og besøksregion

Befolkningsutviklinga er i Strand er sterk, talet på innbyggjarar i kommunen aukar. Det er forventat at folketalet vil fortsette å auka framover.

Fastlandssamband og lågare pris på bustader enn i pressområda på Nord-Jæren, vil venteleg forsterka veksten både i Strand og Forsand kommune.

Innbyggjarane i regionen har god tilgang til natur, både sjø og fjell. Tilgang til skule-, barnehagar, fritidsaktiviteter og eit godt bumiljø er faktorar som bidrar til god trivsel. Det lokale tilbodet på desse områda er viktig. Innbyggjarane i Ytre Ryfylke kan i tillegg nytta seg av kultur- og aktivitetstilbodet i storbyregionen Stavanger.

Det er generelt gode tilbakemeldingar på at kommunane er gode plassar å bu, men utviklinga, spesielt i Strand kommune, er også krevjande med tanke på å handtera veksten. Kommunen har gjennom Strand 2050-prosessen og sentrumsplan, teke viktige grep for å styra utviklinga i ein ønska retning.

Strand 2050 og sentrumsplanen som nå er ute på høyring, er gode og viktige grep frå kommunen som tilretteleggjar og samfunnsutviklar, men dette er berre starten på å staka ut kursen for ei ønska utvikling. Det vidare arbeidet vil vera avhengig av oppslutning og samling om felles verdiar slik at kommune, næringsliv og befolkninga dreg i same retning.

Når det gjeld sentrumsfunksjonar, kultur og aktivitetar er det mykje som tyder på at tilbodet kan bli betre. For at tilbod av aktivitetar, handel og andre sentrumsfunksjonar skal kunne veksa, må sentrum vera ein attraktiv stad og opphalda seg på. Meir liv og breiare tilbod av spisestadar og eit enda meir aktivt kulturliv, blir peika på som eit forbettringspotensiale.

Betre logistikk med Ryfast tunellen kan bidra til auka handel, men kortare reisetid til Sandnes og Stavanger kan også føre til auka konkurranse og større handelslekkasje. Dersom ein ikkje klarar å ha et godt nok tilbod til innbyggjarane risikerer ein at kommunen kan bli ein slags «soveby» eller pendlarkommune for Stavanger-regionen, der folk jobbar og deltek i aktivitetar utanfor kommunen.

Det er derfor viktig å utvikla levande sentrum og tettstader som tilbyr både aktivitetar, opplevingar og handel for både befolkninga og tilreisande.

10.4 Offentlege tenestetilbod

Offentleg sektor kan bidra positivt til utviklinga av næringslivet gjennom eit moderne servicetilbod overfor befolkning og næringsliv. Utviklinga i kommunen stiller politikaren overfor nye utfordringar som krev ei anna form for politisk styring enn det har vore til nå. Kommunen legg til rette for næringsutvikling gjennom å sørgja for god tilgang på areal, og samordna planlegging og tilrettelegging på tvers av kommunegrenser og forvaltningsnivå. Strand kommune er vertsskap for næringslivet i kommunen. Næringslivet er avhengig av offentlege tenester av høg kvalitet.

Forutsigbare prosessar, uavhengig av kven som er saksbehandlar, er ein føresetnad for godt samarbeid mellom kommune og næringsliv. Næringslivet ønsker betre rettleiing og open dialog som kan gje raskare saksbehandling.

I Strand etterlyser handel- og servicenæringa ny sentrumsplan.

Sentrumsplanen er viktig fordi den legg rammene for eit meir attraktivt sentrum. Kommunen er ønskt også som samarbeidspartner for jule- og sommer-arrangement i sentrum. Strand kommune kan ha behov for ein ny masterplan, for å leggja til rette for mange nye små bedrifter, og ein kraftig auke i befolkninga.

10.5 Infrastruktur, transport og logistikk

Bedriftene si konkurransevne og lønnsemd er påverka av kostnader med transport og logistikk. Framtidsretta transport- og logistikkløysingar er avhengig av heilskapleg satsing på infrastruktur. Godt tilbod innan kollektivtransport gjer oss mindre avhengige av bil og det vert mindre biltrafikk. Tilbodet til

kollektivtransport er tilpassa ferje- og båtruter, men har ikkje endra seg vesentleg på mange år. Utanom buss-sambandet mellom Tau og Jørpeland er kollektivtilbodet nesten ikkje-eksisterande i Ytre Ryfylke. Mange stadar er einaste tilbodet skulebuss i skuleåret, og busette i Ytre Ryfylke er heilt avhengig av bil.

Når det gjelder godstransport vert tilbodet karakterisert som tilfredsstillande. Bedrifter med tidskritisk produksjon tilpassar produksjonen til ferjetidene, og ser fram til større fleksibilitet med tunell.

Det er store forventningar til Ryfast og fastlandssamband, men det er viktig at ein òg finn gode løysingar på kollektivtilbodet. Dess meir ein klarar å konsentrera bustadbygginga dess betre blir trafikkgrunnlaget for å skipa eit godt kollektivtilbod.

Det er ein varierende dekning på mobilnettet og tilbodet på breiband er svakt i distrikta.


11. Relevant utdanning lokalt

Utover dei enkelte kommunane sine borne- og ungdomsskular er det vidaregåande skule på Tau i Strand kommune. Strand kommune planlegg stor utbygging i skulekapasitet grunna sterk vekst i folketall, medan nokre skular er lagt ned, grunna låge elevtal.

Dei vidaregåande skulane i Strand og Sauda har lange tradisjonar for å vera regionale kompetansesenter. Gjennom eit samarbeid med alle ryfylkekommunane, Ryfylke IKS, Rogaland Fylkeskommune og andre partnerar, er det blitt etablert eit utdanningstilbod; Utdanning i Ryfylke (UiR) som gjer tilbod om vidare- og etterutdanning i Ryfylke der avstandane kan vera store og kostnadsdrivande. I løpet av dei 3 første åra av dette prosjektet har 485 vaksne arbeidstakarar i Ryfylke fått etterspurt kompetanseheving og 5 250 studiepoeng.


12. Samspel i bustadmarknaden

I dei 6 Ryfylkekommunane er det i perioden 2000 til 2013 oppført ca. 170 bustader i året. I perioden 2009 til 2013 er dette auka til nær 210 bustader kor Strand kommune har nær halvparten. Hjelmeland vekslar mellom 10 og 20 bustader og Forsand mellom 5 og 10 årleg i perioden. Ein del av dei oppførte bustadene i Hjelmeland er nok i realiteten fritidsbustader.



Bustadbygging i dei 6 Ryfylkekommunane 2000 til 2011

Kjelde: Rogaland fylkeskommune




Bustadbygging fordelt på kommune og år 2005 til 2013

Kjelde: Rogaland fylkeskommune

13. Samspel i handelsnæringa


Handel pr. innbygger er lågare i dei 6 ryfylkekommunane enn nasjonalt, men vanleg utanom byar. Samanlikna med Rogaland som samla sett liggar høgare enn landsgjennomsnittet, er forskjellen større. Rogaland fylkeskommune, som har supplert med informasjon til denne rapporten, opplyser at Ryfylke har hatt ein sterkare vekst i detaljhandel i perioden 2008 til 2013 (14 %) enn Rogaland (6 %) og nasjonalt (9%).

Utviklinga i varegrupper for same periode viser ein total vekst på 38 % (befolkningsvekst på 7 %). Relativt sterkast vekst i netthandel, sport/fritid, møbel/elektro og dagligvare. Nedgang i byggevare.




Figur detaljhandel i dei 6 Ryfylke kommunane i perioden 2008 til 2013.

Kjelde: Rogaland fylkeskommune



Figur utvikling i varegrupper i dei 6 Ryfylke kommunane i perioden 2004 til 2013.


Kielde: Roaaland fylkeskommune




Figur utvikling i senterhandelen 2004 tol 2013

Kjelde: Rogaland Fylkeskommune

Næringslivet, representert med ressursgruppa i Ryfylke tok tidleg initiativ og fekk laga ei moglegheitsstudie på effektar av Ryfast. Denne rapporten var viktig bidrag for å bygga beredskap for dei endringane som vil komma. Rapporten tok blant anna opp viktigheita av å konsentrera senterhandelen.



Kjelde: Næringsforeningen i Stavangerregionen/Asplan Viak



Akkumulert reisetid for handel og arbeidsreiser i Stavangerregionen

Kjelde: RVU 2012

Denne rapporten er utarbeida med bidrag frå og i samarbeid med:

Tor Arne Johnsen, næringsssjef i Strand kommune
Jan Leland, kommunalleiar i Strand kommune
Haldis K Nilsen, kommunalsjef i Hjelmeland kommune
Årstein Løland, kommunalsjef i Forsand kommune
Liv Jorunn Tjelmeland, dagleg leiar i Reisemål Ryfylke
Audun Rake, Lysefjorden utvikling
Anne Berit Amdal, Ryfylkebyen Jørpeland
Espen Thompson, styreleiar i Ryfylkealliansen
Rogaland Fylkeskommune, planavdelinga

Geir Ims
regionutviklar
Ryfylke IKS



STRAND KOMMUNE